Statens vegvesen

JOHANNES HADLER HOPLAND
SEIMSLEITET 85
5912 SEIM

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 17/172664-4 | | 06.02.2018 |

## Ber om utfyllande søknad - Landbruksavkøyrsle - Fv. 401 - Gnr. 173 bnr. 4 - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om landbruksavkøyrsle mottatt 06.10.2017, og til utfyllande opplysningar mottatt 15.12.2017. Du har søkt om landbruksavkøyrsle frå fv. 401 til gnr. 173 bnr. 4 i Lindås kommune. Avkøyrsla skal vere felles for fleire eigedomar.

Landbruksvegen skal dimensjonerast etter *Vegklasse 4 - sommerbilveg for tømmerbil med henger* jf. Normaler for landbruksveger.

- Fv. 401 og fv. 402 er dimensjonert for vogntoglengde maks 19,5m, og veganlegg og avkøyrsle må dimensjonerast etter dette.
- Søknaden må gjere greie for om det er behov for snuareal i tilknyting til avkøyrslepunktet. Dersom snuplass ligg lenger inn langs landbruksvegen treng den ikkje visast her, men vi treng ei orientering kva løysing som blir vald.
- Dersom det vert planlagt for tiltak som til dømes velteplassar innanfor byggjegrense langs veg, må det søkjast dispensasjon frå byggjegrensa.
- Avkøyrsle bør teiknast og dimensjonerast saman med resten av veganlegget. Vi viser elles til prinsippskisser for utforming av avkøyrsle og snuhammar (vedlagt).
- Når du kjem med ny tilbakemelding vil vi ta endeleg stilling til søknaden din.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ




*Fig: Døme prinsippskisse tømmeravkøyrsle med snuplass.*